

**NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 10/2018, 28. AUGUST 2018.**

"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

**GLADMELDING: AUKA LØYVING TIL STUDENTBUSTADER I VOLDA**

Kunnskapsdepartementet har gjeve Studentsamskipnaden i Volda (Sivolda) melding om at dei har fått godkjent byggeprosjektet for nye studentbustader på Heltne. Prosjektet vart eigentleg godkjent i fjor, men samskipnaden trekte søknaden etter at det vart dyrare å bygge enn venta og det samtidig kom nye og betre statlege ordningar for studentbustader. No har Sivolda fått godkjent prosjektet på nytt med dei nye satsane. Det nye statstilskotet blir på ca 35 millionar kroner. Dei nye bustadene får plass til 120 bueiningar og blir bygde på Heltne like ved dei tre blokkene frå 1970-talet. Dei nye blokkene blir faktisk bygd i heiltre, så dette blir eit flott nytt landemerke i studiebygda når dei nye bustadene står ferdig i 2019.

Les omtale i Sunnmørsposten: <https://www.smp.no/nyheter/2018/08/28/F%C3%A5r-pengar-til-studentbustader-17411344.ece>

Her er lista over alle byggeprosjekt som regjeringa no har

godkjent: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/2200-nye-studentboliger-skal-bygges/id2609379/>

**STATPED TIL SØRE-SUNNMØRE?**

Det såkalla Hagen-utvalet har tidlegare i år kome med ein rapport med framlegg til kva statlege oppgåver dei nye fylkeskommunane kan overta. Statped er eitt av dei statlege organa som er aktuelle å overføre, og i så fall kan det bety at delar av dagens aktivitet og kapasitet hos Statped i Trondheim vert flytta til Møre og Romsdal. Høgskulen i Volda har hatt møte med ordførarar og rådmenn på Søre Sunnmøre for å diskutere saka, og Høgskulen ved dekan Arne Myklebust og prodekan Peder Haug ved AHL informerte dei kommunale representantane om det spesialpedagogiske systemet og ikkje minst kva kapasitet som har vorte bygd opp på Høgskulen i Volda gjennom ca 20 år med hovudfag/mastergradsutdanning i spesialpedagogikk.

Rektoratet og fagmiljøet ved Høgskulen meiner det vil vere ein klar styrke for Høgskulen i Volda å få ein fagetat som Statped inn i vårt nærområde då det gjev eit større fagmiljø i spesialpedagogikk. Det er langt frå sikkert at Stortinget 15. oktober gjer vedtak om ein regionreform som også omfattar Statped. Det er blant anna fordi ei ekspertgruppe har kome med framlegg til modellar for framtidig organisering av det spesialpedagogiske systemet - det såkalla Nordahl-utvalet. Deira arbeid skal føre fram til ei stortingsmelding i 2019.

Hagen-utvalets rapport: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ekspertutvalg-foreslar-nye-oppgaver/id2588272/>

Nordahl-utvalets blogg: <https://nettsteder.regjeringen.no/inkludering-barn-unge/>

**STUDIEKVALITET (1): OPPFØLGJING AV STUDIEBAROMETERET 2017**

Styret har vedtatt ein plan for oppfølging av Studiebarometeret 2017. Styrking av fagutval, betre informasjon om utdanningssamtalar og utdanningsplanar er dei to første punkta på tiltakslista. Her er heile styresaka om studiekvalitet, styresak

37/18: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250725?agendaltemId=202648>

**STUDIEKVALITET (2): FYR OPP KVALITETSUTVALA I AUGUST/SEPTEMBER**

Emne- og programansvarlege har ansvaret for å sette studiekvalitet på dagsorden i samlingar/førelesingar. Der må det informerast om studiekvalitet og leggast til rette for val av studentar i kvalitetsutval på emne og program. Kvalitetsutval er det nye namnet på fagutvala.

Namneskiftet har kome for å tydeleggjere den viktige rolla kvalitetsutvala har i det løpande kvalitetsarbeidet på kvart einskild emne og program. Det første konstituerande møtet i kvalitetsutvala skal vere arrangert i løpet av september. Like viktig som ein god start er at studentane faktisk blir høyrte i det løpande studiekvalitetsarbeidet. Motsett bør det også vere forpliktande for studentane å ta delansvar for eigen studiekvardag ved å engasjere seg i kvalitetsarbeid.

På nettsidene våre finn du retningsliner for arbeidet i kvalitetsutval og mal for referat frå møte i kvalitetsutval: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/kvalitetsarbeid-ved-hogskulen-volda/retningsliner-kvalitetsutval>

### **KVALITETSARBEID (3): UTDANNINGSSAMTALAR/UTDANNINGSPLANAR I OKTOBER**

Etter kvalitetssystemet skal alle studentar i løpet av oktober ha fått tilbod om individuelle eller gruppevisse utdanningssamtalar og diskuterte utdanningsplanar. På nettsidene finn du malar for utdanningssamtalar: <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/mal-utdanningssamtalar>

### **RØVARTIDSSKRIFT- OG KONFERANSAR: UTFORDRANDE OGSÅ FOR HØGSKULEN I VOLDA**

Aftenposten har i fleire artiklar synt kor lett det er å la seg lure av useriøse "vitskaplege" tidsskrift og konferansar. Vi har hatt nokre få slike tilløp også ved Høgskulen i Volda og då har det skjedd i form av førespurnader frå tidsskrift/konferansar etter at forskarar frå Volda har hatt innlegg på seriøse konferansar. Men som artiklane i Aftenposten viser så blir svindlarane meir og meir avanserte. Den aller første sjekken ein bør gjere er å finne ut om aktuelle tidsskrift er å finne på NSDs liste over godkjende kanalar for vitskapleg publisering. Ofte er namna på juksetidsskrifta nesten identiske med seriøse tidsskrift. For konferansar er det lurt å sjekke med andre i fagmiljøet om dei kjenner til aktuelle konferansar - også om dei står oppført på programmet.

NSDs register over vitskaplege

publiseringsskanalar: <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringsskanalar/KanalTreffliste.action?a=true&tv=true>

Les meir om saka i Aftenposten/A-magasinet: <https://www.aftenposten.no/amagasinet/i/jPAgrq/For-8000-kroner-ble-ren-svada-til-vitenskap--og-Aftenpostens-journalister-til-professorer>

### **ANIMATION VOLDA 13.-16. SEPTEMBER**

Det nærmar seg årets animasjonsfestival, og festivalstyret arbeider hardt for å få alle brikkar på plass - blant anna etterlyser dei fleire frivilljuge.

Finn ut meir om Animation Volda på festivalens Facebook-side: <https://www.facebook.com/AnimationVolda>

### **FORSKINGSDAGANE 2018: 19.-27. SEPTEMBER**

Programmet for Forskingsdagane 2018 på Høgskulen i Volda er no klart, og det blir over 25 arrangement. Det nasjonale temaet i 2018 er "Oppvekst".

Nasjonal nettside for Forskingsdagane: <https://www.forskingsdagane.no/>

Offisiell opning av Forskingsdagane i Volda blir fredag 21. september med utdeling av FoU-prisen for 2018. Forskarar frå høgskulen er også representerte på Voldadagen laurdag 22. september. Utanom arrangementa i Volda blir det også arrangement på Sæbø, i Ulsteinvik og i Fosnavåg. På nettsida nedanfor finn du både programheftet og omtale av einskildarrangement i regi av Høgskulen i Volda: <https://www.hivolda.no/forsking/forskingsdagane/forskingsdagane-2018>

## MANGE HAR FÅTT PARKERINGSBØTER

Villparkering har vore eit problem ved Høgskulen i Volda - særleg i starten av semesteret. Så langt i år har fleire bilførarar fått parkeringsbot for feilparkering, blant anna i Kårstadvegen. Det er ofte mange ledige parkeringsplassar på høgskuleområdet, så det burde vere unødvendig å parkere på gangveggar og på grasplenar. Høgskulen ønskjer å samarbeide med både Volda kommune, Volda sjukehus og andre som grensar opp til høgskuleområdet for å finne gode framtidige løysingar på parkeringsproblema. Sjå meir om dette i ei styresak frå april

2018:: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250725?agendaItemId=202651>

## DIREKTØRVIKAR: STATUS I ARBEIDET

Det melde seg ingen søkjarar då søknadsfristen på vikariat som høgskuledirektør gjekk ut 13. august. Innstillingsutvalet arbeider no vidare med saka. Styret blir orientert om status i saka på møte 13. september.

Informasjon om den interne utlysinga: <https://www.hivolda.no/hivolda/ledig-mellombels-stilling-som-hogskuledirektor>

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018 OG 2019

### Hausten 2018

- 29.8. Strategisk studienemnd: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/291017>
- 30.8. Forskingsutvalet: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207560>
- 2.-8.9. Kammermusikkfestivalen: <http://www.kammermusikkfestival.no/>
- 6.9. Seminar om HVO-historia
- 10.9. Møte med Volda kommune (rektoratet/direktør - ordfører/rådmann)
- 12.9. Presentasjon av tilbod om bygging av Sivert Aarflot-huset (Det nye Mediehuset).
- 13.9. Styremøte  
5/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 13.-16.9. Animation Volda: <https://www.facebook.com/AnimationVolda>
- 14.9. Disputas: Torhild Høydalsvik (AHL), disputerer ved OsloMet: <https://www.hivolda.no/disputas-torhild-hoydalsvik-ahl-disputerer-ved-oslomet>
- 14.9. Disputas: Mette Vårdal disputerer ved UiB: <https://www.hivolda.no/disputas-mette-wardal-disputerer-ved-uib>
- 19.-27.9 Forskingsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/forskingsdagane-2018-oppvekst>
- 26.-27.9. Karrieredagane 2018: <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>
- 4.10. Kunnskap i vekst
- 5.10. Seminar på HVO: Kompetansebehov og -strategi for Møre og Romsdal (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal m.fl.)
- 8.10. Framlegg til statsbudsjett blir presentert av regjeringa
- 22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen): <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO: <https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>

- 1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018, Ålesund: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>
- 8.-11.11. Fellesadministrasjonen på reise til London
- November: Rektorval
- 6.12. Styremøte  
7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

#### Viktige datoar i 2019

- Semesterstart 2019-2020, tysdag 20. august 2019.

#### HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

#### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

#### REKTORBLOGGEN:

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

[27.08.2018: Statsbudsjettet 2019: Kva kan HVO vente av Iselin Nybø?](#)

Høgskulen må arbeide politisk for å få gjennomslag for viktige saker.

[23.08.2018: Opningstale på forskarskulen WNGER II.](#)

Høgskulen i Volda samarbeider blant anna med Universitetet i Bergen om forskarskulen, som spring ut av pedagogikkmiljøet ved UiB, men som kan vere aktuell for dei fleste stipendiatar ved Høgskulen i Volda.

[14.08.2018: Opningstale for studieåret 2018-2019.](#)

Vatn var eit hovudtema i opningstalen for 2018-2019.

#### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i

solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>